

## Notat

**Til:** Hovudutvalet for opplæring  
**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### Forslag til brev til kommunane i Sogn og Fjordane ang. lærlingar i kommunane

Til kommunane

#### Lærlingar i kommunane

Fylkeskommunen har merka seg kommunane sitt engasjement for lærlingeordninga og det opplæringsansvaret dei har teke på seg.

**Hovudutval for opplæring har bede administrasjonen oppmode kommunane i Sogn og Fjordane til å prioritere midlar til å ta inn lærlingar i budsjettprosessen.**

Fylkeskommunen yter tilskot til lærebedrifta, lærlingtilskotet var pr. 01.07.15: kr 130.296 – fordelt på 24 mnd., som er læretida i dei fleste fag.

Dei fleste kommunane er medlem i Opplæringskontoret for offentlig sektor (OKOS), dette opplæringskontoret beheld 30% av tilskotet. I tillegg kjem ein årleg medlemskontingent til OKOS på kr 5.000,-

Avlønning av lærlingen skal ta utgangspunkt i fagarbeidarløn, løna er differensiert gjennom læretida.

Vedlagt følgjer eksempel for budsjett for lærling, tala er basert på satsar for 2015.

Behovet for fagarbeidarar er stort, særleg innan helse og omsorg, men fleire andre fag kan også vere aktuelt for kommunane.

#### Vedlegg:

1. Budsjett lærling 1.10.2015-30.09.2017